

Aktivitetsplan 2006

Arrangement	Dato	Mnd	Ansvarleg
Basar	22. okt		Styret
Øvingshelg	3. 4. og 5. nov		Styret - noteutval
S. og Fj. Meisterskap	18. nov		Styret - noteutval
Julegrantenning Vågsvåg	3. des		Styret
Julekonsert	17. des		Noteutvalet
Juletreffest	28. des		Eli, baryton, euphonium
Nyttårskonsert	6. jan		Erling, bass, slagverk, kornettar

Snart tid for basar

Årets basar blir søndag 22. oktober. Våre loddselgarar kjem til å gå rundt med bøkene i forkant. Om nokon vil gje oss gevinstar er det fint. Basaren blir på tradisjonelt vis, og vi håper på god oppslutning.



Endring av dato på øvingshelg

Øvingshelga som var sett til 3. til 5. november er flytta til 10. til 12. november. Instruktør blir Reid Gilje. Vi startar fredag kveld.

Vi vil øve på programmet til Sogn og Fjordane meisterskapen, og programmet til nyttårskonserten 6. januar.

På bildet demonstrerer Tommy siste skrik i køyredress.



På kryss og tvers med VG

Prøv VG-kryss Vannrett:

- Ikke singel, men...
- Viktig til syng
- Veggteppe

Loddrett:

- Reis opp
- Papir
- Treng nåla
- Trøndersk dansegruppe

	1	2	3	4
1				
5				
6				

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

nr. 8

13. årgang

Laussal: Gratis

september 2006



Stormande suksess igjen

Vel blåst! Stormfestival 2006 vart ein ny suksess.

Dei bortimot fire hundre festivaldeltakarane såg ut til å storkose seg. Det vart ein samanhengande fest i tre dagar til ende. Mange dyktige hjelparar la ned eit stort arbeid. Fredagskvelden med Seim Musikklag, tidenes kostymeopptog, fantastisk rorbust, glitrande Krohnengen Brass Band, imponerande havets festbord, kjempekonsert med



Bispehaugen Ungdomskorps. I dagenes avis har vi nokre glimt frå den stormande helga.



www.torskangerpoll.no



Tusen takk. Vi i Torskangerpoll musikklag set umåteleg stor pris på all den fantastiske hjelpa vi fekk frå mange under "Stormfestival 2006". På skriftlege oppmodingar i brev og VG tidlegare i vår melde det seg så mange at vi til slutt fekk ein stab på over 80 personar totalt. Nokre arbeidde heime med kake- og kabaretlaging, krabbefanging og koking. Andre gjekk sine

vakter eller tok tørningane i matlaginga. Det røynte på under oppryddingane om natta, men jammengjekk det og fint. Det er ikkje tvil om at det var bra å puste ut søndag etter at festivalen var ferdig. Arrangementet gjekk som planlagt, og våre gjester skrytte. Vi ventar no på svar på evalueringsskjema som vil gje oss ein peikepinn på kor godt det eigentleg gjekk. Her ser vi glimt frå den flotte helga. Alle foto (nesten) er tekne av Hans Ole Færestrand. Takk til alle for god innsats, smil og vilje til å hjelpe. Spesielt takk til folk i Torskangerpoll for lån av bygda.

